

---

# Landsmøtet Sakspapir

**Møtedato** 20.04.2018-22.04.2018  
**Ansvarlig** Sentralstyret  
**Saksnummer** LM8 05.03-18  
**Gjelder** Revidering av mangfalds- inkluderings- og likestillingspolitisk plattform

---



Norsk studentorganisasjon

## 1 **Vedlegg til saken:**

- 2 1. Gjeldande mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitiske plattform
- 3 2. Foreslåtte endringar frå sentralstyret
- 4 3. Slik blir sentralstyret sitt forslag som ny plattform

## 5 **REVIDERING AV MANGFALDS- INKLUDERINGS- OG LIKESTILLINGSPOLITISK** 6 **PLATTFORM**

### 7 **FORMÅL**

8 Revidere Norsk studentorganisasjon (NSO) si mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitiske  
9 plattform.

### 10 **SAKSPRESENTASJON**

11 Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform er ei av NSO sine seks politiske  
12 plattformer. Dei politiske plattformene legg grunnlaget for kva NSO meiner på dei ulike fagområda,  
13 som velferd, likestilling, utdanning og internasjonalt arbeid.

14 Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform beskriv overordna kva NSO meiner om  
15 mangfald, inkludering og likestilling før, under og etter høgare utdanning. Det er viktig å merke seg  
16 følgande:

### 17 **Levering av endringsforslag**

18 Det er den gjeldande plattformen som blir lagt til grunn ved behandlinga i landsmøtet. Det tyder at  
19 eventuelle endringsforslag må leverast til den gjeldande plattformen, og ein må vise til linjenummera  
20 i denne. Det er altså ikkje mogleg å levere endringsforslag til endringsforslaga som sentralstyret  
21 har innstilt på, men du kan levere nye endringsforslag på dei same linjenummera.

### 22 **Vedlegg til saka**

23 Vedlegg 1: Gjeldande plattform

24 Dette er gjeldande Mangfalds-, inkluderings og likestillingspolitisk plattform. Denne ligg til grunn for  
25 behandlinga på landsmøtet. Endringsforslaga refererer til linjenummer i dette dokumentet, slik at  
26 det skal vere enkelt å sjå kor sentralstyret ønsker å gjere endringar.

27 Vedlegg 2: Foreslåtte endringar frå sentralstyret

28 I dette vedlegget ligg alle endringsforslaga som sentralstyret har innstilt på. Landsmøtet skal ta  
29 stilling til desse. Forslaga er sortert etter linjenummer, slik at dei kjem kronologisk i den gjeldande  
30 plattformen.

31 Vedlegg 3: Slik blir sentralstyret sitt forslag som ny plattform.  
32 I dette vedlegget ligg en forhandsvisning på korleis plattformen vil bli sjåande ut med dei  
33 endringsforslaga som sentralstyret har innstilt på.

#### 34 **Politiske plattformer og andre dokument i NSO**

35 Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform brukas aktivt av de tillitsvalte i  
36 organisasjonen. Plattformen er et verktøy for organisasjonen til å styre kva tillitsvalte oppnemnt i,  
37 eller på vegne av NSO, skal si når de møter og representerer på vegne av organisasjonen.

38 NSO har også et prinsippprogram<sup>1</sup>. Prinsippprogrammet er overordna all annan politikk i  
39 organisasjonen. Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform må derfor samsvare med  
40 politikken i prinsippprogrammet.

41 Vidare har NSO fleire politiske dokumenter og resolusjonar. Disse tar i dag for seg 34 meir  
42 konkrete tema innanfor ulike områder. Et eksempel er NSOs resolusjon om turbostipend.  
43 Dokumenta utdøyder politikken som står i prinsippprogrammet og plattformene. Det er derfor ikkje  
44 nødvendig å gå i detalj på alle områdene i mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk  
45 plattform. Plattformen skal ta for seg overordna politikk, mens de politiske dokumenta og  
46 resolusjonane tar for seg meir spesifikke politikkområder. I vedtektene står følgande om de  
47 politiske plattformene:

#### 48 § 3.1.5 Politiske plattformer

49 *Politiske plattformer utdyper og definerer organisasjonens politikk på avgrensede saksfelt,*  
50 *og skal være i tråd med prinsippprogram. Øvrige politiske vedtak fattet av sentralstyret,*  
51 *arbeidsutvalget eller andre organ skal være i tråd med de politiske plattformene der disse*  
52 *finnes. De politiske plattformene skal opp til ny behandling innen tre år etter siste*  
53 *behandling på landsmøtet.*

54 Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform ble sist revidert i 2014 av det tidlegare  
55 landsstyret i NSO (nå erstattast av sentralstyret). Sama år bestemte landsmøtet at frå og med  
56 2015 skulle de politiske plattformene behandlast av landsmøtet. I vedtektene står det følgande om  
57 dokumenta som landsmøtet skal vedta:

#### 58 § 3.1 Styringsdokumenter som vedtas av landsmøtet

59 *Dokumenter som er vedtatt av landsmøtet er overordnet dokumenter vedtatt av alle andre*  
60 *organer i organisasjonen. Sentralstyret innstiller på alle saker til landsmøtet med unntak av*  
61 *de som har egne saksforberedende komiteer/grupper.*

62 *Landsmøtet vedtar følgjende dokumenter:*

63 *Vedtøker*

64 *Prinsippprogram*

65 *Handlingsplan*

66 *Rammebudsjett*

67 *Politiske plattformer*

#### 68 **Proessen fram mot landsmøtet**

69 Arbeidet med å revidere Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform har gått føre seg  
70 sidan hausten 2017. Velferds og likestillingspolitisk komité (VLPK) har hatt ein kort gjennomgang  
71 av plattformen og gitt sine tilbakemeldingar til arbeidsutvalet.

---

<sup>1</sup> NSOs prinsippprogram: <http://student.no/prinsippprogram>

72 Etter dette har arbeidsutvalet hatt fleire rundar med drøftingar, før dei innstilte på sine endringar til  
73 sentralstyret. Plattformen vart så løfta til behandling i sentralstyret, som innstiller til landsmøtet.  
74 Endringsforslaga som ligg ved er dei endringane som sentralstyret meiner at landsmøtet bør gjere  
75 i den gjeldande plattformen.

### 76 **Behandling av mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform**

77 Vedtektene seier at den gjeldande plattformen skal ligge til grunn for behandlinga. Det tyder at  
78 eventuelle endringar må gjerast ved å levere endringsforslag til denne (vedlegg 1). Sentralstyret si  
79 innstilling består derfor av ei samling endringsforslag til plattformen (vedlegg 2).

80 Landsmøtet må ta stilling til kvart enkelt av desse forslaga, samt eventuelle andre endringsforslag  
81 som blir fremja. Med denne måten å behandle plattformer skal det vere tydeleg for landsmøtet kva  
82 politiske endringar sentralstyret faktisk har innstilt på å gjere i den gjeldande plattformen.

### 83 **Oppfordringar når det gjeld saksbehandlinga i landsmøtet**

84 Hensikta med å behandle mangfalds-, inkluderings-, og likestillingspolitisk plattform er å oppdatere  
85 utdatert politikk, samt fyller inn eventuell politikk som manglar. Sentralstyret ønsker å presisere at  
86 det ikkje er nødvendig å sende inn endringsforslag på skrivefeil, feil i formatering på overskrifter,  
87 eller feil i kapittelnummer i gjeldande plattform. Slike ting blir endra redaksjonelt når dei vedtekte  
88 endringane skal skrivast inn i plattformen i etterkant av landsmøtet. Sentralstyret ønsker også å  
89 oppfordre til at det, så langt det lar seg gjere, ikkje blir levert redaksjonelle endringsforslag som  
90 berre endrar setningsoppbygging, struktur på kapittel og liknande.

91 Det er avgrensa med tid til behandling av plattformen på landsmøtet. Sentralstyret ser det som mest  
92 hensiktsmessig å bruke tida på å diskutere politikk.

## 93 **VURDERING**

94 Under følger ein gjennomgang av dei viktigaste endringsforslaga til plattformen. Forslaga som ikkje  
95 blir trekt fram her skal vere tilstrekkelig gjort greie for i grunngjevinga til det enkelte forslaget, i  
96 vedlegg 2.

97 Sentralstyret foreslår å ikkje ta med namn på spesifikke organisasjonar i plattformen. Det er fordi  
98 sentralstyret ikkje ønsker ei avgrensa liste i plattformen. Dette avgrensar på ingen måte vårt arbeid  
99 med allereie eksisterande samarbeidspartnarar.

100 Sentralstyret foreslår å gjere politikken meir overordna og gjeldande for fleire grupper. I dag er  
101 plattformen bygd opp med fokus på enkelttiltak for enkelte grupper. Sentralstyret ønsker at den  
102 reviderte plattformen skal fokusere på dei overordna prinsippa om tilrettelegging for alle, og ikkje  
103 nemne enkelttiltak, men presiserer at me framleis vil arbeide for dei tiltaka sjølv om dei ikkje er  
104 nemnt i plattformen. Politikken blir ikkje endra, den blir berre gjeldande for endå fleire grupper.

### 105 **Innleiing**

106 I dette kapitlet foreslår sentralstyret å endre litt på definisjonane, og også legge ved ein eigen  
107 definisjon for mangfald. Det blir gjort nokre overordna endringar som resulterer i at plattformen  
108 seinare blir repeterande. Det gir organisasjonen større moglegheit til å jobbe for tiltak retta mot  
109 fleire grupper, plattformen blir meir fleksibel for eventuelle endringar i både samfunnet og sektoren.

### 110 **Rekruttering til høgare utdanning**

111 Det er ikkje foreslått endringar under overskrifta «Rekruttering til høgare utdanning», men det  
112 følger endringar i dei påfølgjande underkapitla.

- 113 **Rådgeving**
- 114 Sentralstyret foreslår at kapittelet endrar namn, og ved å ta inn informasjon i overskrifta gir det eit  
115 betre inntrykk om kva underkapittelet handlar om.
- 116 Sentralstyret har forslått å legge til tiltaka som i dag står under «Etnisitet». Dette er gode tiltak,  
117 som med denne endringa også vil femne over andre grupper som vil dra nytte av dei same tiltaka.
- 118 **Forventningsavklaring**
- 119 Det er ikkje foreslått endringar av politikken i kapittelet «Forventningsavklaring».
- 120 **Etnisitet**
- 121 Kapitelet er foreslått fjerna, men me presiserer at politikken berre er flytta og gjort meir overordna.  
122 Det var fleire tiltak som fint kunne brukast for å sikre at endå fleire grupper fekk moglegheit til å  
123 starte med, og fullføre, høgare utdanning.
- 124 Sentralstyret ønsker heller ikkje at det skal vere mange beskrivingar av dagens situasjon i  
125 plattformen, men heller snakke om kva me ønsker å oppnå. Me spesifiserer mellom anna i  
126 innleiinga kor viktig det er at alle utdanningsløp er mangfaldige og til ein viss grad speglar  
127 samfunnet for øvrig. Då meiner sentralstyret at plattformen ikkje burde beskrive enkeltsituasjonar for  
128 dei ulike gruppene, slik mellom anna etnisitetkapittelet gjer.
- 129 Me har ikkje innstilt på å fjerne overskrifta, fordi me ser på det som mest hensiktsmessig at  
130 overskrifta står der dersom eit av strykingsforslaga blir avvist. Om kapittelet blir stroke blir  
131 overskrifta fjerna redaksjonelt.
- 132 **Verktøy for mangfald**
- 133 Kapittelet blir utvida for å vise fleire tiltak enn kvotering.
- 134 **Kjønnsbalanse**
- 135 Sentralstyret ønsker å vidareføre det gjeldande kapittel. Endringa me ønsker er å endre på korleis  
136 me definerer balanse, moderat ubalanse og kritisk ubalanse. Med tanke på at det har vore ein  
137 debatt om eit tredje juridisk kjønn ønsker me å heller ta utgangspunkt i det overrepresenterte  
138 kjønnnet.
- 139 Sentralstyret ønsker å fjerne punktet om etatsstyringsmøta. Tiltaket som er beskrive i avsnittet er  
140 uklart, og har ikkje den utjamnande effekten slike tiltak bør ha.
- 141 **Studium i høgare utdanning**
- 142 Sentralstyret meiner overskrifta kling rart, og meiner at ordet "studium" like så godt kan sløyfast.
- 143 **Universell utforming**
- 144 Kapittelet «universell utforming» er foreslått fjerna, og at meiningsinnhaldet blir flytta til avsnitt  
145 under overskrifta «inkluderande læringsmiljø».
- 146 **Inkluderande læringsmiljø**
- 147 Sentralstyret ønsker ikkje å nemne enkeltgrupper, og foreslår derfor å fjerne setningane om å  
148 legge til rette for LHBT-personar. Det er det overordna perspektivet til heile plattformen, og  
149 plattformen burde ikkje ha slike vilkårlege spesifiseringar av enkeltgrupper.
- 150 Sentralstyret ønsker ikkje fokus på enkelttiltak, men ein meir overordna politikk som gir  
151 organisasjonen meir fleksibilitet når me skal jobbe for betre tilrettelegging og eit meir inkluderande  
152 læringsmiljø.

153 Sentralstyret utvidar innhaldet i underkapittelet til å også snakke om tiltaka og politikken som står  
154 under «retteleing og tilrettelegging», «religion og kultur» og «mobilitet». Sentralstyret foreslår å ha  
155 eit avsnitt om ytringsfridom under kapittelet. Me ser situasjonar der emne blir fjerna, og større og  
156 meir alvorlege reaksjonar på ytringar, og ønsker derfor å vedta politikk om ytringsfridom.

### 157 **Rettleiing og tilrettelegging**

158 Sentralstyret foreslår å stryke heile kapitelet «Rettleiing og tilrettelegging». Alt av meiningsinnhald  
159 er flytta til «inkluderande læringsmiljø», sjå forslag 26 og 27.

### 160 **Religion og kultur**

161 Sentralstyret foreslår å endre kapittelet «Religion og kultur» til «Studentdriven velferd og sosiale  
162 tiltak». I tråd med ønsket om å ikkje ha for spesifikk politikk på enkeltgrupper ønsker me å fjerne  
163 «religion og kultur» og heller vidareføre politikken i eit meir overordna perspektiv som omhandlar  
164 fleire.

165 Me vil framleis ha same syn på at alle skal kunne bere religiøse klesplagg og symbol, og ønsker  
166 framleis at utdanningsinstitusjonane skal legge til rette med rom for utøving av religion og tru.

167 I studentdriven velferd er det tenkt studentorganisasjonar, studentsamskipnadar, foreiningar og  
168 liknande.

### 169 **Sosial og økonomisk bakgrunn**

170 Sentralstyret meiner at politikken allereie er ivareteken i Velferdspolitisk plattform, og foreslår å  
171 stryke kapittelet i denne plattform.

### 172 **Ivaretaking av studentane sine rettar**

173 Sentralstyret meiner at politikken allereie er ivareteken i Utdanningspolitisk plattform, og foreslår å  
174 stryke kapittelet i denne plattform.

### 175 **Fråfall**

176 Dette er ikkje eit politisk spørsmål som me treng å heimle i ei plattform, men kjem som konsekvens  
177 av allereie vedteken politikk.

### 178 **Mobilitet**

179 Meiningsinnhaldet er ivareteke i forslag 27. Me har også utvida innhaldet til å også gjelde at  
180 tilrettelegginga ein har behov for ikkje skal påverke val av studiestad.

### 181 **Økonomisk føresetnader**

182 Sentralstyret meiner at politikken allereie er ivareteken i Velferdspolitisk plattform, og foreslår å  
183 stryke kapittelet i denne plattform.

### 184 **Arbeidslivet etter høgare utdanning**

185 Sentralstyret ønsker å endre overskrifta til «arbeidslivet i høgare utdanning». Sentralstyret meiner  
186 at det lyder betre enn "etter", sidan me ikkje omtalar arbeidslivspolitikkk generelt i alle yrke.

187 Endrar kapittelet for å skape ein tydelegare intern samanheng og fjerne noko tekst sentralstyret  
188 meiner er unødvendig. Dei nye avsnitta er tydelege på kva NSO vil, nettopp breiare mangfald i  
189 tilsetningar, meir vekt på pedagogisk kompetanse og at utdanning skal gi utteljing i form av lønn.

### 190 **DISSENSAR**

191 Det er teke ut 5 dissensar i sentralstyret. Dissensane er presentert i vedlegg 2.

---

192	<b>INNSTILLING</b>
193	Mangfalds-, inkluderings- og likestillingspolitisk plattform reviderast.
194	

---

## 1 **VEDLEGG 1: GJELDANDE MANGFALDS- INKLUDERINGS- OG** 2 **LIKESTILLINGSPOLITISK PLATTFORM**

### 3 **MANGFALDS- INKLUDERINGS- OG LIKESTILLINGSPOLITISK PLATTFORM**

4 *Vedteke på landsstyremøte 2, 2014/2015, 30.11.2014.*

#### 5 **INNLEIING**

6 Denne plattformen er Norsk studentorganisasjon (NSO) sin politikk om likestilling, inkludering og  
7 mangfald før, under og etter ein tar høgare utdanning. Føremålet er å sikre inkluderande  
8 rekruttering til høgare utdanning, eit breitt mangfald av studentar og definere korleis ein skal  
9 handsama utfordringar tilknytt mangfald i akademien. NSO meiner at for å sikre dette må ein i nokre  
10 tilfelle prioritere nokre grupper framføre andre. Dette skal gjerast for å dekkja samfunnets behov,  
11 auke læringsutbyttet og sikre brei rekruttering og inkludering av alle grupper i samfunnet i høgare  
12 utdanning.

13 NSO krev at alle skal ha lik tilgang til høgare utdanning. Staten har det overordna ansvaret for å  
14 sikre dette.

15 NSO definerer lik tilgang til høgare utdanning som at alle som er fagleg kvalifisert til det skal ha  
16 tilgang til norsk høgare utdanning, utan omsyn til etnisitet, språk, religiøsitet, livssyn, seksuell  
17 orientering, funksjonsnivå, sosial bakgrunn, kjønidentitet og kjønnsuttrykk. For å oppnå dette  
18 meiner NSO ei rekke tiltak er naudsynt.

19 Høgare utdanning er eit middel for aktiv demokratisk deltaking, og befolkninga med høgare  
20 utdanning burde difor spegle befolkninga som heilskap. NSO meiner ein at evner og eigenskaper  
21 er spreidd jamt utover befolkninga, og at både studiemiljø og arbeidsmiljø vert betre av at heile  
22 mangfaldet i samfunnet er tilsvarande representert ved utdanningsinstitusjonane.

23 NSO meiner at Noreg skal liggja i verdstoppen på mangfald, inkludering og likestilling i akademien.

#### 24 **REKRUTTERING TIL HØGARE UTDANNING**

25 Ein legg grunnlaget for mangfald i høgare utdanning gjennom rekruttering. NSO meiner eit viktig  
26 grep for eit likestilt akademien er god og korrekt informasjon til potensielle studentar. Rekruttering til  
27 høgare utdanning startar allereie frå barnehage og grunnskule, og fortset opp til vidaregåande  
28 skule, og etter avslutta skulegang. Unge og elevlar skal tidleg få erfaring med ulike typar aktivitetar  
29 og informasjon om framtidige utdannings- og karriereretningar for å kunne gjere eit opplyst val  
30 gjennom heile utdanningsløpet.

#### 31 **Rådgeving**

32 NSO meiner at god rådgeving før studiane er ein av nøklane til å motarbeide sosioøkonomiske og  
33 kulturelle forskjellar i tilgangen til høgare utdanning. Det skal satsast på rådgeving gjennom større  
34 løyvingar og kompetanseauke. Rådgjevarar både i grunnskulen, vidaregåande skule og i NAV-  
35 systemet har ei viktig rolle i å informere potensielle studentar om mogleighetene deira.  
36 Rådgjevarane må ha god kompetanse på ulike studium, kva som er opptakskrava, kva krav som  
37 stillast til studenten, samt tilretteleggings- og karrieremulegheiter. Rådgjevarane skal ha

38 kompetanse på rådgjevingsmetodar, slik at dei kan hjelpe elevane til ei avgjerd om vidare  
39 utdanning og karriere. Både rådgjevarane og lærarar i grunn- og vidaregåande skule skal ha  
40 kompetanse om korleis utdanningssystemet fungerer, og kva vegar studentane kan velje.

41 Det skal bli gitt informasjon om høgare utdanning som ein del av vaksenopplæringa.

#### 42 **Forventningsavklaring**

43 Det er studiestadane sitt ansvar å formidle kva som krevjast i studiet, og kva kompetanse  
44 studentane får etter avslutta studium. Det må stillast krav til at marknadsføringa er tydeleg og gir  
45 eit realistisk bilete av innhald og dei forventningane som stillast. Utdanningsinstitusjonane må sikra  
46 at studentane har kjennskap til studie- og fagmiljø gjennom gode og universelt utforma nettstader,  
47 moglegheit for samtale med rådgjevar ved institusjonen og tilrettelagt studiekvardag, og gjennom å  
48 tilby institusjonsvitjingar.

#### 49 **Etnisitet**

50 Det må arbeidast målretta for å sikre brei rekruttering frå studentar med etnisk minoritetsbakgrunn.  
51 Målretta informasjonsarbeid og rettleiing som rettast spesifikt mot etniske minoritetar trengs for å  
52 synleggjere tilbod og moglegheiter, og for å motivere til å søkje utdanning ved høgskular og  
53 universitet. Informasjon skal gjerast tilgjengeleg på de største minoritetsspråka, slik at det blir  
54 enklare å nytte for foreldre, elever og skule. Utvekslings- og kurssamarbeid mellom høgare  
55 utdanningsinstitusjonar og skular med etnisk mangfald må oppretthaldast og utvidast.  
56 Mentorordningar og faglege førebilete er viktige for å bryte ned førestillingar om utdanning som et  
57 gode øyremerkt majoritetsbefolkninga.

58 Utveksling- og kurssamarbeidet bør ha eit særleg fokus på å auke rekrutteringa til humanistiske og  
59 samfunnsvitskapelege fag, i tillegg til kortare profesjonsutdanningar som lærarutdanningane og  
60 helse- og omsorgsprofesjonane. I dag er det ein større del minoritetsungdom som søker seg til  
61 profesjonsutdanningar med høg prestisje og lønn. Kandidatar med bakgrunn frå  
62 samfunnsvitskapelege og humanistiske fag er i større grad med på å sette dagsorden i det  
63 offentlege ordskiftet og utforminga av velferdstenester og andre offentlege tenester. I  
64 lærarutdanningane og i helse- og omsorgsprofesjonane er det viktig med mangfald for at ein skal  
65 ha gode rollemodellar som speglar befolkninga i samfunnet. I eit etnisk samansett Noreg skal eit  
66 mangfald av perspektiv vere representert for å spegle røynda i Noreg og demokratisere  
67 offentlegheita.

68 Mangel på nettverk og norskkunnskapar er til hinder for sosial kontakt og arbeid knytt til studiane.  
69 Institusjonane må legge til rette gjennom norskkurs og sosiale tiltak som språk- og kulturtandem,  
70 og tilpassa faderveker.

71 Mange innvandrarar med utdanning tatt utanfor Noreg slit med å skaffe seg relevant arbeid. NSO  
72 meiner Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) skal ha enkle prosesser for å sende ut  
73 ettergodkjenning av kompetansen deira. Heile grader tatt i utlandet skal som hovudregel  
74 godkjennast, med mindre NOKUT eller institusjonane har tunge faglege innvendingar.

75 Det må arbeidast for at etniske minoriteter frå Noreg kan få dei tilbod og moglegheiter, så godt det  
76 let seg gjere, slik at likskapsprinsippet i høgare utdanning ivaretakast.



77 **Verktøy for mangfold**

78 NSO meiner at ein kan nytta kvoteordningar og tilleggsponng for å sikra breitt mangfold i høgare  
79 utdanning. Kvart tilfelle skal utgreiast særskild og ein skal hyppig evaluere kvar einskild ordning.  
80 Dette arbeidet skal vere ein del av tilsynsordninga til NOKUT.

81 **Kjønnsbalanse**

82 NSO meiner det er eit mål at alle studium har tilnærma kjønnsbalanse i studentmassen.

83 Årsakene til at det på enkelte studium ikkje er balanse mellom kjønna er komplekse, og kan  
84 variere over tid og mellom ulike institusjonar, så vel som internt mellom ulike miljø på éin  
85 institusjon. NSO meiner at desse ulike føresetnadane krev ulike tiltak, og institusjonane skal nytte  
86 tiltak tilpassa problemstillinga. Alle tiltak for å betra kjønnsbalansen skal gjerast i organ der  
87 studentar er medverkande.

88 Institusjonar som heilt eller delvis finansierast av staten skal rapportere om sitt arbeid med  
89 kjønnsbalanse, kva utgreiingar som er gjort og kva tiltak som nyttast i den årlege rapporteringa til  
90 Kunnskapsdepartementet. Der utgreiingane viser årsaker til kjønnsbalanse som ligg utanfor  
91 institusjonane, har departementet ansvar for utarbeide tiltak og følgje dei opp.

92 For å oppnå målet om tilnærma kjønnsbalanse meiner NSO alle studium skal vere gjenstand for  
93 årleg evaluering av kjønnsbalansen. Kvart studium skal etter ei slik evaluering sortere inn under  
94 éin av tre kategoriar:

- 95 1. **Balanse:** Begge kjønn er representert med minimum 40 % av den opptatte studentmassen  
96 på studiet.
- 97 2. **Moderat ubalanse:** Eit kjønn er representert med under 40 %, men over 25 % av den  
98 opptatte studentmassen på studiet.
- 99 3. **Kritisk ubalanse:** Eit kjønn er representert med under 25 % av den opptatte  
100 studentmassen på studiet.

101 Dersom eit studie er innanfor kategorien «balanse» er ikkje institusjonen pålagt å gjennomføre  
102 tiltak med omsyn til kjønn på det aktuelle studiet.

103 Sorterer eit studium under kategorien «moderat ubalanse» eller lågare, skal moglege årsakar til  
104 ubalansen utgreiast i samarbeid med studentane, og institusjonen skal følgje opp med tiltak for å  
105 rette opp i kjønnskeivskapen, basert på disse utgreiingane. Ligg eit studium på «moderat  
106 ubalanse» eller lågare i tre år, og havnar minst eitt år under «kritisk ubalanse», skal institusjonen  
107 lage ein tiltaksplan for å rekruttere breiare. Tiltaksplanen kan inkludere målretta  
108 rekrutteringskampanjar, kjønnsponng og andre kvoteringstiltak, samt moglegheit for tilpassa  
109 studieløp og andre liknande tiltak. Dersom programmet kjem over kritisk ubalanse, og dette varer i  
110 over tre år, skal avvikling av tiltaka opp til vurdering.

111 Kjønnsbalanse skal vere tema på etatstyringsmøta Kunnskapsdepartementet har med  
112 institusjonane. Dersom institusjonar over tre år ikkje oppfyller kravet om arbeid med  
113 kjønnsbalanse, skal departementet ha høve til å ikkje tildele nye studieplassar innanfor  
114 studieprogrammet med kritisk ubalanse, inntil institusjonen viser at dei oppfyller dei krava som er  
115 gitt.

## 116 **STUDIUM I HØGARE UTDANNING**

117 For å sikra at studentar trivst og får fullt utbytte av høgare utdanning, og for å hindra fråfall, er det  
118 viktig at det blir arbeid systematisk med likestillingstiltak knytt opp mot høgare utdanning.

### 119 **Universell utforming**

120 Prinsippet om universell utforming skal alltid ligge til grunn i alle tenester og infrastruktur i høgare  
121 utdanning. I institusjonane sine planleggings- og anbudsprosessar skal universell utforming vere  
122 eit tungtvegande kriterium. Universitets- og høgskulesektoren skal ligga i forkant og vera ein aktiv  
123 pådrivar i arbeidet med å gjera Noreg universelt utforma innan 2025.

### 124 **Inkluderande læringsmiljø**

125 Det er institusjonane sitt ansvar å sikra eit godt og inkluderande lærings- og arbeidsmiljø. Dette  
126 oppnår ein gjennom gode fysiske fasilitetar, tilrettelagt informasjon, inkluderande mottaks- og  
127 mentorordningar, og gjennom tilskot til studiemiljø og studentkultur. Blant gode fysiske fasilitetar  
128 bør reknast tilgang på kjønnsnøytrale toalett. For å ivareta et inkluderande lærings- og arbeidsmiljø  
129 er det essensielt at informasjon også er tilgjengelig på engelsk.

130 Alle institusjonar skal ha eit avvikssystem for trakassering, diskriminering, mobbing og uønskt  
131 seksuell merksemd som alle studentar og tilsette kan nytte seg av for å varsle om kritikkverdige  
132 sakar. Oppfølging av innrapporterte avvik skal behandlas av ein nøytral tredjepart  
133 (ombodsperson), og avviksmeldingane skal vere unnateke offentlegheita. Institusjonane må leggja  
134 til rette for at lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT-personar) ikkje opplever deira  
135 legning eller identitet som ei utfordring under studia.

136 Alle institusjonar skal ha ein handlingsplan med tiltak for å forebygge trakassering, diskriminering,  
137 mobbing eller uønskt seksuell merksemd. Vidare skal dei fordele oppgåver og ansvar i  
138 ivaretakinga av personer utsette for dette, og i oppfølginga av desse sakane.

139 Alle tilsette skal ha god kjennskap til ulike inkluderings- og tilretteleggingsverktøy på institusjonen.

### 140 **Rettleiing og tilrettelegging**

141 Det er institusjonen sitt ansvar å sikre tilgjenge og god tilrettelegging for studentane. Institusjonane  
142 skal gjera dette i samarbeid med studentsamskipnadane, kommunane og NAV. Studentar som  
143 ynskjer rettleiing må raskt få dette. Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT) skal registrere  
144 dei behov studentar som treng tilrettelegging på studiestaden har, og gjere denne informasjonen  
145 tilgjengeleg for institusjonane. For studentar med varig nedsett funksjonsevne (til dømes kronisk  
146 sjukdom) skal det ikkje vere naudsynt å dokumentere dette meir enn éin gong med legeattest eller  
147 tilsvarande.

148 Dei som jobbar med rettleiing og tilrettelegging på institusjonane, skal ha eit tett samarbeid og  
149 sikra at studentar med behov for rettleiing eller tilrettelegging får dette. Desse tilsette må ha høg  
150 kompetanse for å sikra at studentar får den hjelpa dei har krav på.

151 Tilrettelagt undervisning og materiale nytta i undervisning må bli tilbudd gjennom Norsk lyd- og  
152 blindeskriftsbibliotek (NLB) og på institusjonane. NLB må tilby tilrettelagt pensum til alle som treng  
153 dette.

154 NSO meiner at institusjonane har eit særskilt ansvar for å identifisere og støtte studentar som har  
155 samansette behov for tilrettelegging eller oppfølging.

156 **Religion og kultur**

157 NSO meiner det må leggjast til rette for eit religiøst og kulturelt mangfald ved norske høgare  
158 utdanningsinstitusjonar. Studentar må føle seg trygge på at deira kulturelle identitet vert respektert  
159 og har ein naturleg plass i studiemiljøet.

160 Arrangement i fadderveker og studentforeiningar skal legge til rette for at både studentar som drikk  
161 og ikkje drikk alkohol skal kunne delta, og unngå at religion eller kultur blir ei hindring for sosial  
162 deltaking i studiemiljøet. Press frå studentar eller tilsette om å drikke alkohol eller nytte andre  
163 rusmiddel skal handsamast som trakassering.

164 Alle studentkafear skal ha tilbod om diettar tilpassa religiøse og medisinske behov.

165 Det skal vere rom for utøving av religion og tru ved alle høgare utdanningsinstitusjonar. Desse skal  
166 vere opent utforma og opne for alle, uavhengig av religions- eller livssynsretning. Alle skal fritt  
167 kunne bære religiøse klesplagg og symbol, så lenge dei ikkje er til hinder for gjennomføring av  
168 undervisning og praksis. Dersom ein skilde klesplagg eller symbol ikkje skal tillatast må det ligge ei  
169 sterk og konkret fagleg vurdering til grunn. Eit slik vedtak skal kunne verte overprøva av styret ved  
170 institusjonen. Dersom det er enkelte studieprogram der heildekkande plagg vil vere til hinder for  
171 undervisning eller praksis, skal det komme tydeleg fram i informasjon om studieprogrammet og  
172 emna.

173 **Sosial og økonomisk bakgrunn**

174 Sosial og økonomisk bakgrunn påverkar korleis og om studentar vel høgare utdanning, og det er  
175 eit viktig prinsipp for NSO at det jobbast for et akademia som ikkje fremmer reproduksjon og  
176 auking av sosiale skilnader. Formålet med den sosiale dimensjonen er slått fast i Lov om  
177 utdanningsstøtte. Utdanningsstøtta skal dekke studentane sine reelle utgifter for at alle skal ha eit  
178 reelt høve til å studere på heiltid.

179 NSO legg to prinsipp til grunn for innretninga av utdanningsstøtaden.

- 180 1. Studentar skal ikkje vere avhengige av stønad frå føresette eller andre.  
181 2. Utdanningsstøtaden skal vere ei universell tildeling som ikkje er økonomisk behovsprøva  
182 og skjer uavhengig av sosial bakgrunn.

183 NSO forstår sosial bakgrunn som foreldra sin sosiale klasse eller sosiale og økonomiske stilling. I  
184 dag finst det ein klar samanheng mellom sosial bakgrunn og det å velje høgare utdanning.  
185 Samstundes har oppvekstmiljø ein effekt. NSO meiner institusjonar skal ha eit regionalt ansvar for  
186 å sørge for brei rekruttering av alle sosiale lag i regionen.

187 **Ivaretaking av studentane sine rettar**

188 Studentar sine rettar må ivaretakast gjennom godt innarbeidde rutinar og kvalitetssikringsarbeid.  
189 Studentane skal ha tilgang på eit uavhengig studentombod og vere omfatta av ein eigen  
190 læringsmiljølov.

191 **Fråfall**

192 KD skal finansiere og gjere tilgjengeleg oppdatert forskning på fråfallsårsaker i høgare utdanning.  
193 Forskinga skal danna grunnlaget for målretta tiltak mot fråfall på institusjonane.

194 **Mobilitet**

195 Staten og institusjonane må sikra studentar og tilsette sin moglegheit til mobilitet. Dette gjeld både  
196 i Noreg og utlandet. Alle studentar må kunna delta på studieopphald på andre institusjonar  
197 uavhengig av deira tilretteleggingsbehov.

198 **Økonomiske føresetnader**

199 NSO meiner at alle må ha økonomiske føresetnader til å studera på fulltid. Dette må realiserast  
200 gjennom auka studiestønad. Før fulltidsstudenten blir realisert må ein tilby tilleggsstipend til ekstra  
201 utsette grupper. Føremålet er å sikra studentar utan moglegheit til å ha ekstrajobb dei økonomisk  
202 føresetnadene som trengs for å ta høgare utdanning. Dei eksisterande ordningane som  
203 Lånekassen tilbyr må gjennomgåast med dette som eit mål.

204 **ARBEIDSLIVET ETTER HØGARE UTDANNING**

205 For å dekke samfunnets behov for arbeidskraft er det viktig med eit heilskapleg syn på likestilling i  
206 høgare utdanning.

207 **Frå student til vitenskapleg tilsett**

208 Det er viktig med mangfald blant dei vitenskapleg tilsette på institusjonane. NSO meiner breidde i  
209 tilsetjingar skal sikre dette. Tilsetjingsprosessar må vera opne og ryddige. NSO meiner ein skal  
210 kunne nytta moderat kvotering for å sikre det same mangfaldet blant vitenskapleg tilsette som blant  
211 studentar.

212 Institusjonen skal nytte same system for gradering av kjønnsbalanse innanfor kvart enkelt institutt  
213 (eller avdeling, der institusjonen ikkje har institutt som eining) som blant studentmassen (skildra på  
214 side 3) for å greie ut og utføre tiltak i tilsetjingsprosessar.

215 Forskings- og undervisningsstillingar må leggjast til rette slik at det er enkelt for kvinner og menn å  
216 kombinere arbeid og omsorg for barn.

217 Eit viktig tiltak som vil gjere akademia til ein tryggare og meir føreseieleg karriereveg, er å redusere  
218 mellombelse tilsetjingar og auke bruken av faste tilsetjingar.

219 Kva som vert lagt vekt på i tilsetjing og opprykksprosessar er ikkje likegyldig i eit  
220 likestillingsperspektiv. Det svekkjer likestillinga at publiseringspoeng er den mest avgjerande  
221 meritterande aktiviteten i akademia. NSO meiner tilsetjingar ved høgskular og universitet skal  
222 leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse og utviklingspotensial, og i mindre grad  
223 vektleggje publiseringspoeng.

224 Tilsetjingsutval skal vere representative, ha representantar frå begge kjønn og, så langt det lèt seg  
225 gjere, frå underrepresenterte grupper. Studentar skal vere representerte i tilsetjingsutvala ved  
226 institusjonane. Studentane skal også få tilbod om å vere representerte i intervjurundane, både  
227 lokalt og sentralt ved institusjonen.

228 **Løn og status**

229 For å sikra mangfald i samfunnet og rekruttering til yrker der det er store homogene miljø, må ein  
230 sjå på konkrete tiltak for å motverke dette.

231 Vi har ein kjønnsdelt arbeidsmarknad kor lønnsgapet er vedvarande. Det er essensielt for  
232 likestillingsarbeidet i arbeidsmarknaden at arbeid som krev kompetanse på same nivå skal lønast

**Vedlegg 1 til sak LM8 05.03-18:** Gjeldande mangfalds- inkluderings- og likestillingspolitisk  
plattform

233 likt. Staten må bruke lønnspolitikken for å heve statusen til yrke der ein får dårleg uttelling for  
234 utdanninga si.

235 Sjølv om norske kvinner har nesten like høg arbeidslivdeltaking som menn, jobbar kvinner i langt  
236 større grad deltid og styrast av tradisjonelle kjønnsroller i yrkesvala. NSO meiner det er eit mål å  
237 heve statusen til dei typiske kvinnedominerte yrka for å auke rekrutteringsgrunnlaget.

238 Verdsettingsdiskriminering er når arbeid som hovudsakleg utførast av kvinner systematisk  
239 verdsettast lågare enn arbeid som utførast av menn. Dette meiner NSO at staten og  
240 arbeidsmarknaden aktivt må motarbeide for å sikre likeverd av arbeidsoppgåver.

## VEDLEGG 2: ENDRINGSFORSLAG FRÅ SENTRALSTYRET

### ENDRINGSFORSLAG FRÅ SENTRALSTYRET

#### INNLEIING

<i>Forslag nr.</i> <b>1</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 9-12	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Føremålet er å sikre inkluderande rekruttering til høgare utdanning, eit breitt mangfald av studentar og definere korleis ein skal handsama utfordringar tilknytt mangfald i akademisk. NSO meiner at for å sikre dette må ein i nokre tilfelle prioritere nokre grupper framføre andre. Dette skal gjerast for å dekkja samfunnets behov, auke læringsutbyttet og sikre brei rekruttering og inkludering av alle grupper i samfunnet i høgare utdanning.				
<i>Endring</i> Meir presis ordbruk.  Flyttar «NSO meiner at for å sikre dette må ein i nokre tilfelle prioritere nokre grupper framføre andre» til slutten av avsnittet.				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO ønsker ei inkluderande rekruttering til høgare utdanning, eit breitt mangfald av studentar og vil i denne plattformen meine noko om korleis ein handsamar utfordringane knytt til mangfald i akademisk. Dette skal gjerast for å dekke samfunnet sine behov, auke læringsutbyttet og sikre brei rekruttering og inkludering av alle grupper i samfunnet i høgare utdanning. NSO meiner at for å sikre dette må ein i nokre tilfelle prioritere nokre grupper framfor andre.				
<i>Grunngjeving</i> Meir presis ordbruk gir en tydelegare introduksjon til plattformen.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>2</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 13-14	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO krev at alle skal ha lik tilgang til høgare utdanning.				
<i>Endring</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO krev at alle skal ha lik tilgang, og like moglegheiter til å fullføre høgare utdanning, og med mål om at alle skal få brukt kompetansen sin etter fullført utdanning.				

<p><i>Grunngjeving</i></p> <p>Det er enkeltgrupper som har mykje større sannsyn for å falle frå studia sine. Derfor er det eit minst like viktig moment at dei både skal fullføre høgare utdanning, men også vere klar for å bruke kompetansen i etterkant. Til dømes veit me at dei med minoritetsbakgrunn slit med å skaffe seg jobb, sjølv om dei har same utdanning som andre, eller at studentar med foreldre som har høgare utdanning, har ein fordel i studieløpet.</p>
<p><i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i></p>
<p><i>Vedteke / Avvist</i></p>

Forslag nr.	Redaksjonelt	Linjenummer	Forslagsstillar	Rolle
<b>3</b>		15-18	Sentralstyret	SST
<p>Opphavleg tekst</p> <p>NSO definerer lik tilgang til høgare utdanning som at alle som er fagleg kvalifisert til det skal ha tilgang til norsk høgare utdanning, utan omsyn til etnisitet, språk, religiøsitet, livssyn, seksuell orientering, funksjonsnivå, sosial bakgrunn, kjønidentitet og kjønnsuttrykk. For å oppnå dette meiner NSO ei rekke tiltak er naudsynt.</p>				
<p>Endring</p>				
<p>Eventuell ny tekst</p> <p>NSO definerer lik tilgang til høgare utdanning som at alle som er fagleg kvalifisert til det skal ha tilgang til norsk høgare utdanning</p>				
<p>Grunngjeving</p> <p>SST ønsker ikkje å ha ei uttømmmande liste, men heller ein definisjon som famnar om alle. Ingen nemnt, ingen gløymt.</p>				
<p><i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i></p>				
<p><i>Vedteke / Avvist</i></p>				

Forslag nr.	Redaksjonelt	Linjenummer	Forslagsstillar	Rolle
<b>4</b>	Nei	18	Sentralstyret	SST
<p>Opphavleg tekst</p>				
<p>Tillegg</p> <p>Definisjon av mangfold.</p>				
<p>Eventuell ny tekst</p> <p>Mangfald er variert og samansett. Å sikre eit mangfald tyder å skape rom for at alle kan delta og opplever å vere inkludert, også dei som på ein eller anna måte ikkje er, eller opplever å vere, ein del av fleirtalet eller dominerande normer og forventningar.</p>				
<p>Grunngjeving</p> <p>Det er viktig for arbeid med mangfald at dokumentet definerer NSOs bruk av ordet.</p>				
<p><i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i></p>				
<p><i>Vedteke / Avvist</i></p>				

<i>Forslag nr.</i> <b>5</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 20-21	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner ein at evner og eigenskaper er spreidd jamt utover befolkninga, og at både studiemiljø og arbeidsmiljø vert betre av at heile mangfaldet i samfunnet er tilsvarande representert ved utdanningsinstitusjonene.				
<i>Stryking</i> Stryker "ein at evner og eigenskaper er spreidd jamt utover befolkninga" fra setninga.				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO meiner at både studiemiljø og arbeidsmiljø vert betre av at heile mangfaldet i samfunnet er tilsvarande representert ved utdanningsinstitusjonane.				
<i>Grunngjeving</i> Dette er unødvendig tekst som forkludrar poenget i setninga. Ved å gjennomføre strykinga blir setninga klarare.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>6</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 21	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Studiemiljø				
<i>Endring</i> Endre begrepsbruk				
<i>Eventuell ny tekst</i> Læringsmiljø				
<i>Grunngjeving</i> Følge begrepsbruken som brukast elles i UH-sektoren.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>7</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 22-	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tillegg</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i> Eit slikt mangfald i høgare utdanning vil bidra til auka respekt og forståing i samfunnet elles.				
<i>Grunngjeving</i> Slår fast at mangfald bidrar til økt forståing og respekt.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				



<i>Forslag nr.</i> <b>8</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 23-23	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner at Noreg skal liggja i verdstoppen på mangfald, inkludering og likestilling i akademia.				
<i>Stryking</i> Stryk setninga.				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Sentralstyret meiner dette er eit mål som er vanskeleg å måle og som ikkje tilfører politikken noko av verdi. Plattformen bør innehalde politikk som seier noko om kva NSO vil og som det kan bli jobba politisk med.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

## REKRUTTERING TIL HØGARE UTDANNING

<i>Forslag nr.</i> <b>9</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 31	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Rådgeving				
<i>Endring</i> Leggje til «og informasjon»				
<i>Eventuell ny tekst</i> Rådgeving og informasjon				
<i>Grunngjeving</i> Underkapittelet handlar om både rådgeving og informasjon.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>10</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 34	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Det skal satsast på rådgeving gjennom større løyvingar og kompetanseauke				
<i>Endring</i> Bytte ut kompetanseauke med kompetansekrav				
<i>Eventuell ny tekst</i> Det skal satsast på rådgeving gjennom større løyvingar og kompetansekrav til rådgevarane				
<i>Grunngjeving</i>				

Sentralstyret ønsker å spisse kravet om rådgjevingstenestene i Noreg. At det skal vere eit kompetansekrav for rådgjevarane, og ikkje berre arbeid for kompetanseauke.

*Redaksjonskomiteen si innstilling*

*Vedteke / Avvist*

<i>Forslag nr.</i> 11	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 40	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tillegg</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i> Informasjon om dei ulike utdanningsvala elevane kan gjere skal gjerast tilgjengeleg på dei største minoritetsspråka, for blinde og svaksynte, og alt videomateriale skal tekstast, slik at det blir enklare å nytte for foreldre, elevar og skule.				
<i>Grunngjeving</i> Politikk som er foreslått flytta frå etnisitet-kapittelet. Med forslaget ønsker me tilrettelegging av informasjon til fleire grupper.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> 12	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 40	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tillegg</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i> Utvexlings- og kurssamarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og skular må oppretthaldast og utvidast. Disse samarbeida bør ha eit særskild fokus på å sikre at alle utdanningsløpa har ein mangfaldig studentmasse.				
<i>Grunngjeving</i> Politikk som er foreslått flytta frå etnisitet-kapittelet. Med forslaget ønsker me å auke fokus på at alle utdanningsløp har eit arbeid å gjere for å oppnå einmangfaldig studentmasse.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>13</b>		50-53	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Det må arbeidast målretta for å sikre brei rekruttering frå studentar med etnisk minoritetsbakgrunn. Målretta informasjonsarbeid og rettleiing som rettast spesifikt mot etniske minoritetar trengs for å synleggjere tilbod og moglegheiter, og for å motivere til å søkje utdanning ved høgskular og universitet.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Me meiner allereie at det skal arbeidast for at alle underrepresenterte grupper i dei ulike studia skal ønske å begynne på studiet. Dette er grunnen til at me definerer både lik rett til utdanning, og korleis ein sikrar mangfald i høgare utdanning. Sentralstyret ønsker heller ikkje fokus på ei enkelt gruppe.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>14</b>		53-57	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Informasjon skal gjerast tilgjengeleg på de største minoritetsspråka, slik at det blir enklare å nytte for foreldre, elever og skule. Utvekslings- og kurssamarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og skular med etnisk mangfald må oppretthaldast og utvidast. Mentorordningar og faglege førebilete er viktige for å bryte ned førestillingar om utdanning som et gode øyremerkt majoritetsbefolkninga.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Dette er ulike tiltak som me har flytta til dei riktige stadene i plattformen. På denne måten blir politikken gjeldande for fleire grupper.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>15</b>		58-60	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Utvexling- og kurssamarbeidet bør ha eit særleg fokus på å auke rekrutteringa til humanistiske og samfunnsvitskapelege fag, i tillegg til kortare profesjonsutdanningar som lærarutdanningane og helse- og omsorgsprofesjonane				
<i>Stryking</i>				

<i>Grunngjeving</i> Me ønsker ikkje at plattformen skal vere for spesifikk, og snakkar heller om mangfald av alle grupper i alle utdanningar tidlegare i plattformen.
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>
<i>Vedteke / Avvist</i>

<i>Forslag nr.</i> <b>16</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 60-65	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> I dag er det ein større del minoritetsungdom som søker seg til profesjonsutdanningar med høg prestisje og lønn. Kandidatar med bakgrunn frå samfunnsvitenskaplege og humanistiske fag er i større grad med på å sette dagsorden i det offentlege ordskiftet og utforminga av velferdstenester og andre offentlege tenester. I lærarutdanningane og i helse- og omsorgsprofesjonane er det viktig med mangfald for at ein skal ha gode rollemodellar som speglar befolkninga i samfunnet.				
Stryking				
<i>Grunngjeving</i> Me ønsker ikkje å skrive om dagens situasjon, men den ønskete situasjonen. Det gjeld ikkje berre etnisk mangfald, men alt mangfald. Det er heller ikkje slik at det er viktigare med rollemodellar i nokre utdanningar enn andre. Ved å beskrive dagens situasjon er det fare for at plattformen blir utdatert før den skal reviderast att.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>17</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 65-57	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> I eit etnisk samansett Noreg skal eit mangfald av perspektiv vere representert for å spegle røynda i Noreg og demokratisere offentlegheita.				
Stryking				
<i>Grunngjeving</i> Dette er ivareteke i innleiinga.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>18</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 68-70	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Mangel på nettverk og norskkunnskapar er til hinder for sosial kontakt og arbeid knytt til studiane. Institusjonane må legge til rette gjennom norskkurs og sosiale tiltak som språk- og kulturtandem, og tilpassa faderveker.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Meiningsinnhaldet flyttast til dei riktige stadene i plattformen.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>19</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 71-74	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Mange innvandrarakar med utdanning tatt utanfor Noreg slit med å skaffe seg relevant arbeid. NSO meiner Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) skal ha enkle prosesser for å sende ut ettergodkjenning av kompetansen deira. Heile grader tatt i utlandet skal som hovudregel godkjennast, med mindre NOKUT eller institusjonane har tunge faglege innvendingar.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Er ivareteke i internasjonal plattform.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>20</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 75-76	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Det må arbeidast for at etniske minoriteter frå Noreg kan få dei tilbod og moglegheiter, så godt det let seg gjere, slik at likskapsprinsippet i høgare utdanning ivaretakast.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Er det overordna poenget til heile plattformen, for alle grupper.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				

**Vedteke / Avvist**

<b>Forslag nr.</b>	<b>Redaksjonelt</b>	<b>Linjenummer</b>	<b>Forslagsstillar</b>	<b>Rolle</b>
<b>Dissens 1</b>	Nei	77-80	Emil Henningsmoen, Stian S. Magelssen, Kristian H. Sjøli, Stein Olav Romslo	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Verktøy for mangfald NSO meiner at ein kan nytta kvoteordningar og tilleggspoeng for å sikra breitt mangfald i høgare utdanning. Kvar tilfelle skal utgreiast særskild og ein skal hyppig evaluere kvar einskild ordning. Dette arbeidet skal vere ein del av tilsynsordninga til NOKUT.				
<i>Stryking</i> Stryke setninga.				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Mindretalet meiner kvotering og tilleggspoeng er dårlege verkemiddel for å sikre mangfald. Kvotering gjer at det ikkje lengre er faglege kvalifikasjonar som avgjer kven som får tilgang til høgare utdanning, men andre forhold. Tilleggspoeng er eit lite treffsikkert og lite føreseieleg tiltak, som ikkje nødvendigvis gjer noko med rekrutteringa til eit studium.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<b>Vedteke / Avvist</b>				

<b>Forslag nr.</b>	<b>Redaksjonelt</b>	<b>Linjenummer</b>	<b>Forslagsstillar</b>	<b>Rolle</b>
<b>21</b>	Nei	77-80	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner at ein kan nytta kvoteordningar og tilleggspoeng for å sikra breitt mangfald i høgare utdanning. Kvar tilfelle skal utgreiast særskild og ein skal hyppig evaluere kvar einskild ordning. Dette arbeidet skal vere ein del av tilsynsordninga til NOKUT.				
<i>Endring</i> Utvidar teksten med verktøy for mangfald.				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO meiner at dei viktigaste verktøya for mangfald i høgare utdanning og samfunnslivet er å skape rollemodellar for fleire grupper innan alle utdanningsområde. Vidare må institusjonane ha lokale trivselstiltak som sikrar at studentane som kjem inn ikkje fell frå. NSO meiner at kvoteordningar og tilleggspoeng kan takast i bruk for å sikre eit breitt mangfald i høgare utdanning. Kvar tilfelle skal utgreiast særskild, og ein skal hyppig evaluere kvar einskild ordning. Dette arbeidet skal vere ein del av tilsynsordninga til NOKUT.				
<i>Grunngjeving</i> Det finst fleire verktøy som kan takast i bruk for å sikre kjønnsbalanse og mangfald i høgare utdanning, og forslaget legg dette til grunn. For at institusjonane og NSO skal kunne bidra til endring må ein kunne gi døme på ulike verktøy som i større eller mindre grad fører til strukturelle og systematiske endringar i akademia, som igjen vil påverke storsamfunnet.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<b>Vedteke / Avvist</b>				

<i>Forslag nr.</i> <b>Dissens</b> <b>2</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 82-82	<i>Forslagsstillar</i> Stein Olav Romslo, Stian S. Magelssen	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner det er eit mål at alle studium har tilnærma kjønnsbalanse i studentmassen.				
<i>Stryking</i> Styrker setningen.				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Mindretalet meiner at det ikkje er eit mål i seg sjølv at ein har kjønnsbalanse. Dette er eit steg på vegen for å ha lik rett til utdanning, skape gode førebilete for fleire kjønn og underrepresenterte grupper, og betre vilkår for mangfald i akademien.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>Dissens</b> <b>3</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 92-110	<i>Forslagsstillar</i> Kristian H. Sjøli, Stian S. Magelssen, Emil Henningsmoen, Stein Olav Romslo.	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> For å oppnå målet om tilnærma kjønnsbalanse meiner NSO alle studium skal vere gjenstand for årleg evaluering av kjønnsbalansen. Kvart studium skal etter ei slik evaluering sortere inn under éin av tre kategoriar: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Balanse: Begge kjønn er representert med minimum 40 % av den opptatte studentmassen på studiet.</li> <li>2. Moderat ubalanse: Eit kjønn er representert med under 40 %, men over 25 % av den opptatte studentmassen på studiet.</li> <li>3. Kritisk ubalanse: Eit kjønn er representert med under 25 % av den opptatte studentmassen på studiet.</li> </ol> <p>Dersom eit studie er innanfor kategorien «balanse» er ikkje institusjonen pålagt å gjennomføre tiltak med omsyn til kjønn på det aktuelle studiet. Sorterer eit studium under kategorien «moderat ubalanse» eller lågare, skal moglege årsakar til ubalansen utgreiast i samarbeid med studentane, og institusjonen skal følgje opp med tiltak for å rette opp i kjønnslikeverdien, basert på disse utgreiingane. Ligg eit studium på «moderat ubalanse» eller lågare i tre år, og havnar minst eitt år under «kritisk ubalanse», skal institusjonen lage ein tiltaksplan for å rekruttere breiare. Tiltaksplanen kan inkludere målretta rekrutteringskampanjar, kjønnsspoeng og andre kvoteringstiltak, samt moglegheit for tilpassa studieløp og andre liknande tiltak. Dersom programmet kjem over kritisk ubalanse, og dette varer i over tre år, skal avviking av tiltaka opp til vurdering.</p>				
<i>Stryking</i> Stryker teksten.				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Mindretalet meiner det gjeldande teksten står for eit uakseptabelt inngrep i				

<p>institusjonane sin fridom. Ved andre høve har NSO vekta institusjonane sin fridom tungt, og mindretalet meiner det framleis må gjelde. Så detaljert politikk som dette høyrer heller ikkje heime i ei politisk plattform, som skal gi rammer for sentralledet å arbeide ut frå. Her stiller me konkrete krav utan moglegheit til tilpassingar. Det er ikkje NSO sin plass å definere kva kategoriar som skal brukast, og tida som skal setjast av til å gjennomføre tiltak. Dette vil variere frå institusjon til institusjon.</p>
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>
<i>Vedteke / Avvist</i>

Forslag nr. <b>22</b>	Redaksjonelt	Linjenummer 95-100	Forslagsstillar Sentralstyret	Rolle SST
Opphavleg tekst				
1. Balanse: Begge kjønn er representert med minimum 40 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
2. Moderat ubalanse: Eit kjønn er representert med under 40 %, men over 25 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
3. Kritisk ubalanse: Eit kjønn er representert med under 25 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
Endring				
Eventuell ny tekst				
1. Balanse: Eit kjønn utgjer ikkje meir enn 60 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
2. Moderat ubalanse: Eit kjønn utgjer ikkje meir enn 75 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
3. Kritisk ubalanse: Eit kjønn utgjer meir enn 75 % av den opptatte studentmassen på studiet.				
Grunngjeving				
Meir kjønnsnøytralt. Forslaget brukar det overrepresenterte kjønn, og vil dermed også fungere om det blir innført eit tredje juridiske kjønn.				
Redaksjonskomiteen si innstilling				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

Forslag nr. <b>23</b>	Redaksjonelt Nei	Linjenummer 111-115	Forslagsstillar Sentralstyret	Rolle SST
Opphavleg tekst				
Kjønnsbalanse skal vere tema på etatstyringsmøta Kunnskapsdepartementet har med institusjonane. Dersom institusjonar over tre år ikkje oppfyller kravet om arbeid med kjønnsbalanse, skal departementet ha høve til å ikkje tildele nye studieplassar innanfor studieprogrammet med kritisk ubalanse, inntil institusjonen viser at dei oppfyller dei krava som er gitt.				
Stryking				
Eventuell ny tekst				
Grunngjeving				
NSO bør vere opne for fleire moglege tiltak for å betre kjønnsbalansen. Det eine tiltaket				



som er beskrevet i avsnittet er uklart, og har ikke den utjamnende effekten ein ynskjer at det skal ha.

*Redaksjonskomiteen si innstilling*

*Vedteke / Avvist*

## STUDIUM I HØGARE UTDANNING

<i>Forslag nr.</i> <b>24</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 116-116	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> STUDIUM I HØGARE UTDANNING				
<i>Stryking</i> Stryke "STUDIUM"				
<i>Eventuell ny tekst</i> I HØGARE UTDANNING				
<i>Grunngjeving</i> Sentralstyret meiner overskrifta kling rart, og meiner at ordet "studium" kan sløyfast. Dessutan meiner sentralstyret at ordet "studium" refererer til studieprogram, medan denne delen også tek for seg politikk på område som strengt tatt fell utanfor studieprogram, eller i alle fall går på tvers av studieprogram. Dette gjeld for eksempel studentorganisasjonar, og studentsamskipnadane sine tilbod.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>25</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 119	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Universell utforming  Prinsippet om universell utforming skal alltid ligge til grunn i alle tenester og infrastruktur i høgare utdanning. I institusjonane sine planleggings- og anbudsprosessar skal universell utforming vere eit tungtvegande kriterium. Universitets- og høgskulesektoren skal ligga i forkant og vera ein aktiv pådrivar i arbeidet med å gjera Noreg universelt utforma innan 2025.				
<i>Stryking</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Universell utforming er ivareteken av forslag 26. Sentralstyret ønsker heller ikkje å tidfeste eit mål, men å kontinuerleg vurdere kva som vil gi gjennomslag.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>26</b>		125	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
Blant gode fysiske fasilitetar bør reknast tilgang på kjønnsnøytrale toalett. For å ivareta et inkluderande lærings- og arbeidsmiljø er det essensielt at informasjon også er tilgjengelig på engelsk.				
<i>Endring</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
NSO meiner at alle studentar har krav på tilrettelegging ut frå eigen føresetnad. Samstundes er det også viktig at institusjonane er bevisst på kva studentane ikkje skal vere nøydd å aktivt be om. Det skal vere sjølv sagt at bygg er universelt utforma og at ein ikkje opplever diskriminering frå tilsette, medstudentar, eller andre personar ein kjem i kontakt gjennom utdanninga. Dette krev at institusjonane driv eit aktivt, oppdatert og kunnskapsbasert mangfaldsarbeid. Me skil altså mellom det ein student må be om sjølv og det ein kan forvente at institusjonen uansett tek høgde for.				
<i>Grunngjeving</i>				
SST ønsker å stadfeste enkelttiltak for enkeltgrupper, men legg til grunn at eit generelt krav til institusjonen også vil gjelde kjønnsnøytrale toalett, sidan alternativet opplevast som diskriminerande.				
Forslaget må sjåast i samanheng med forslag 27.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>27</b>		129	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tilegg</i>				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
Institusjonen har ansvar for at studenten enkelt kan finne informasjon om korleis ein ber om tilrettelegging om ein har behov for det. Varige behov skal det ikkje vere naudsynt å dokumentere meir enn ein gong. Det skal vere eit godt samarbeid mellom institusjonen, kommunane, NAV og andre relevante aktørar. Studentar skal ha krav om same tilrettelegging sjølv om dei studerer i ei anna kommune, eller eit anna land enn der dei er folkeregistrert. Studentane skal ikkje oppleve det som ei belastning å gi beskjed om sine behov. Institusjonen skal kunne leggje til rette for fleire ulike behov.				
<i>Grunngjeving</i>				
Sentralstyret ønsker å presisere at tilretteleggingsansvaret tilhøyrer fleire. Me ønsker også at politikken om mobilitet for studentar med tilretteleggingsbehov skal flyttast hit, og				

at den blir utvida til å også gjelde for studentar som søker seg inn på høgare utdanning.  
Forslaget må sjåast i samanheng med forslag 26.

*Redaksjonskomiteen si innstilling*

*Vedteke / Avvist*

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>28</b>		133-135	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Institusjonane må leggja til rette for at lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT-personar) ikkje opplever deira legning eller identitet som ei utfordring under studia.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Dette er det overordna fokuset til hele plattformen, for alle grupper.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>29</b>	Nei	139-	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Alle tilsette skal ha god kjennskap til ulike inkluderings- og tilretteleggingsverktøy på institusjonen.				
<i>Endring</i> Likelydig forslag som AU sitt, med tillegg om at tilsatte skal ha kunnskap om tiltak - altså aktive handlinger, ikkje berre normer og språk - passive handlinger.				
<i>Eventuell ny tekst</i> Alle tilsette skal ha god kjennskap til mangfald og inkludering og handsame alle studentar med respekt uavhengig av bakgrunnen, identiteten, funksjonsevna og helsa deira. Dette inneber også kunnskap om kva for normar, språk og anna oppførsel som kan opplevast ekskluderande eller framandgjerande, samt kunnskap om kva grep og tiltak ein kan gjere for å leggje til rette med og kome studenten i møte.				
<i>Grunngjeving</i> SST ønsker eit meir tydeleg ansvar for alle tilsette.				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>30</b>		139	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tillegg</i>				

<p><i>Eventuell ny tekst</i></p> <p>Høgare utdanning skal leggje til rette for ein brei samfunnsmessig debatt. Dette inneber også å akseptere at menneskje kan ha synspunkt som kan opplevast kontroversielle og støytande for enkeltpersonar eller for grupper. Så lenge ein følger dei lovar og reglar som eksisterer skal det vere rom for alle typar ytringar ved høgare utdanningsinstitusjonar. Nettopp fordi academia skal vere ein plass kor meiningar og tankar brytast, med mål om auka innsikt og kunnskap, er det særleg viktig at ein har eit breitt mangfald slik at ulike erfaringar og perspektiv kan møtast.</p>
<p><i>Grunngjeving</i></p> <p>Sentralstyret meiner det er viktig å slå fast at akademisk fridom også inneber ytringsfridom, og at omsyn til marginaliserte grupper ikkje nødvendigvis inneber at ein kan bli skjerma for ytringar eller meiningar ein opplever som vanskelege.</p>
<p><i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i></p>
<p><i>Vedteke / Avvist</i></p>

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>31</b>		143-145	Sentralstyret	SST
<p><i>Opphavleg tekst</i></p> <p>Rettleiing og tilrettelegging</p> <p>Det er institusjonen sitt ansvar å sikre tilgjenge og god tilrettelegging for studentane. Institusjonane skal gjera dette i samarbeid med studentsamskipnadane, kommunane og NAV. Studentar som ynskjer rettleiing må raskt få dette. Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT) skal registrere dei behov studentar som treng tilrettelegging på studiestaden har, og gjere denne informasjonen tilgjengeleg for institusjonane. For studentar med varig nedsett funksjonsevne (til dømes kronisk sjukdom) skal det ikkje vere naudsynt å dokumentere dette meir enn éin gong med legeattest eller tilsvarende.</p>				
<p><i>Stryking</i></p>				
<p><i>Grunngjeving</i></p> <p>FSAT eksisterer ikkje lenger, og meiningssinnhaldet er ivareteke av forslag 27.</p>				
<p><i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i></p>				
<p><i>Vedteke / Avvist</i></p>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>32</b>		148-150	Sentralstyret	SST
<p><i>Opphavleg tekst</i></p> <p>Dei som jobbar med rettleiing og tilrettelegging på institusjonane, skal ha eit tett samarbeid og sikra at studentar med behov for rettleiing eller tilrettelegging får dette. Desse tilsette må ha høg kompetanse for å sikra at studentar får den hjelpa dei har krav på.</p>				

<i>Stryking</i>
<i>Grunngjeving</i> Ivareteke av forslag 26 og 27.
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>
<i>Vedteke / Avvist</i>

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>33</b>		151-153	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Tilrettelagt undervisning og materiale nytta i undervisning må bli tilbudd gjennom Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek (NLB) og på institusjonane. NLB må tilby tilrettelagt pensum til alle som treng dette.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Ivareteke av forslag 26 og 27.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>34</b>		154-155	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner at institusjonane har eit særskilt ansvar for å identifisere og støtte studentar som har samansette behov for tilrettelegging eller oppfølging.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Ivareteke av forslag 26 og 27.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>35</b>	Nei	156-172	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Religion og kultur NSO meiner det må leggjast til rette for eit religiøst og kulturelt mangfald ved norske høgare utdanningsinstitusjonar. Studentar må føle seg trygge på at deira kulturelle identitet vert respektert og har ein naturleg plass i studiemiljøet.				

Arrangement i fadderveker og studentforeiningar skal legge til rette for at både studentar som drikk og ikkje drikk alkohol skal kunne delta, og unngå at religion eller kultur blir ei hindring for sosial deltaking i studiemiljøet. Press frå studentar eller tilsette om å drikke alkohol eller nytte andre rusmiddel skal handsamast som trakassering.

Alle studentkafear skal ha tilbod om diettar tilpassa religiøse og medisinske behov.

Det skal vere rom for utøving av religion og tru ved alle høgare utdanningsinstitusjonar. Desse skal vere opent utforma og opne for alle, uavhengig av religions- eller livssynsretning. Alle skal fritt kunne bære religiøse klesplagg og symbol, så lenge dei ikkje er til hinder for gjennomføring av undervisning og praksis. Dersom ein skilde klesplagg eller symbol ikkje skal tillatast må det ligge ei sterk og konkret fagleg vurdering til grunn. Eit slik vedtak skal kunne verte overprøva av styret ved institusjonen. Dersom det er enkelte studieprogram der heildekkande plagg vil vere til hinder for undervisning eller praksis, skal det komme tydeleg fram i informasjon om studieprogrammet og emna.

#### *Endring*

##### *Eventuell ny tekst*

Studentdriven velferd og sosiale tiltak

Studentdriven aktivitet ved institusjonane skal vere inkluderande for alle og ta høgde for at studentmassen er mangfaldig. Dette inkluderer også studentsamskipnaden sine tilbod. Dette inneber både korleis tilbodet er utforma og kva tilbod som finst.

Studentsamskipnaden og det øvste studentdemokratiet har eit særleg ansvar for dette.

##### *Grunngjeving*

Målet med endringa er å vere meir generell. Ved å ikkje nemne enkelttiltak vil ein heller ikkje utelate nokon. Alle tiltak som står i plattformen i dag vil vere omfatta av teksten sjølv om dette ikkje blir slått fast spesifikt. Sentralstyret presiserer igjen at det ikkje er noko endring av politikk, men forstår at delegatar kan reagere på at ordlyden i kapitlet blir endra i så stor grad. Me vil framleis ha same syn på at alle skal kunne bære religiøse klesplagg og symbol, og ønsker framleis at utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette med rom for utøving av religion og tru.

##### *Vedteke / Avvist*

<i>Forslag nr.</i> <b>36</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 173-186	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<b>Sosial og økonomisk bakgrunn</b>				
<p>Sosial og økonomisk bakgrunn påverkar korleis og om studentar vel høgare utdanning, og det er eit viktig prinsipp for NSO at det jobbast for et akademia som ikkje fremmer reproduksjon og auing av sosiale skilnader. Formålet med den sosiale dimensjonen er slått fast i Lov om utdanningsstøtte. Utdanningsstøtta skal dekke studentane sine reelle utgifter for at alle skal ha eit reelt høve til å studere på heiltid.</p> <p>NSO legg to prinsipp til grunn for innretninga av utdanningsstønaden.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Studentar skal ikkje vere avhengige av stønad frå føresette eller andre.</li> <li>2. Utdanningsstønaden skal vere ei universell tildeling som ikkje er økonomisk behovsprøva og skjer uavhengig av sosial bakgrunn.</li> </ol> <p>NSO forstår sosial bakgrunn som foreldra sin sosiale klasse eller sosiale og økonomiske stilling. I dag finst det ein klar samanheng mellom sosial bakgrunn og det å velje høgare utdanning. Samstundes har oppvekstmiljø ein effekt. NSO meiner institusjonar skal ha eit regionalt ansvar for å sørje for brei rekruttering av alle sosiale lag i regionen.</p>				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Dette er ivareteke i Velferdspolitisk plattform.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>37</b>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i> 187-190	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
Ivaretaking av studentane sine rettar				
<p>Studentar sine rettar må ivaretakast gjennom godt innarbeidde rutinar og kvalitetssikringsarbeid. Studentane skal ha tilgang på eit uavhengig studentombod og vere omfatta av ein eigen læringsmiljølov.</p>				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Ivareteke i anna vedteken politikk.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>38</b>		191-193	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Fråfall				
KD skal finansiere og gjere tilgjengeleg oppdatert forskning på fråfallsårsaker i høgare utdanning. Forskinga skal danna grunnlaget for målretta tiltak mot fråfall på institusjonane.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Dette er ikkje eit politisk spørsmål som treng å bli heimla i ei plattform. Det er heller ein konsekvens av vedteken politikk.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>39</b>		194-197	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Mobilitet				
Staten og institusjonane må sikra studentar og tilsette sin moglegheit til mobilitet. Dette gjeld både i Noreg og utlandet. Alle studentar må kunna delta på studieopphald på andre institusjonar uavhengig av deira tilretteleggingsbehov.				
<i>Stryking</i>				
<i>Grunngjeving</i> Meiningsinnhaldet er ivareteken i forslag 27.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i>	<i>Redaksjonelt</i>	<i>Linjenummer</i>	<i>Forslagsstillar</i>	<i>Rolle</i>
<b>40</b>		198-203	Sentralstyret	SST
<i>Opphavleg tekst</i> Økonomiske føresetnader				
NSO meiner at alle må ha økonomiske føresetnader til å studera på fulltid. Dette må realiserast gjennom auka studiestønad. Før fulltidsstudenten blir realisert må ein tilby tilleggsstipend til ekstra utsette grupper. Føremålet er å sikra studentar utan moglegheit til å ha ekstrajobb dei økonomisk føresetnadene som trengs for å ta høgare utdanning. Dei eksisterande ordningane som Lånekassen tilbyr må gjennomgåast med dette som				



eit mål.
<i>Stryking</i>
<i>Grunngjeving</i> Ivareteken i Velferdspolitisk plattform.
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>
<i>Vedteke / Avvist</i>

## ARBEIDSLIVET ETTER HØGARE UTDANNING

<i>Forslag nr.</i> 41	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 204-240	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<p><i>Opphavleg tekst</i> ARBEIDSLIVET ETTER HØGARE UTDANNING</p> <p>For å dekke samfunnets behov for arbeidskraft er det viktig med eit heilskapleg syn på likestilling i høgare utdanning.</p> <p>Frå student til vitskapleg tilsett</p> <p>Det er viktig med mangfald blant dei vitskapleg tilsette på institusjonane. NSO meiner breidde i tilsetjingar skal sikre dette. Tilsetjingsprosessar må vera opne og ryddige. NSO meiner ein skal kunne nytta moderat kvotering for å sikre det same mangfaldet blant vitskapleg tilsette som blant studentar.</p> <p>Institusjonen skal nytte same system for gradering av kjønnsubalanse innanfor kvart enkelt institutt (eller avdeling, der institusjonen ikkje har institutt som eining) som blant studentmassen (skildra på side 3) for å greie ut og utføre tiltak i tilsetjingsprosessar.</p> <p>Forskings- og undervisningsstillingar må leggest til rette slik at det er enkelt for kvinner og menn å kombinere arbeid og omsorg for barn.</p> <p>Eit viktig tiltak som vil gjere akademia til ein tryggare og meir føreseieleg karriereveg, er å redusere mellombelse tilsetjingar og auke bruken av faste tilsetjingar.</p> <p>Kva som vert lagt vekt på i tilsetjing og opprykksprosessar er ikkje likegyldig i eit likestillingsperspektiv. Det svekkjer likestillinga at publiseringspoeng er den mest avgjerande meritterande aktiviteten i akademia. NSO meiner tilsetjingar ved høgskular og universitet skal leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse og utviklingspotensial, og i mindre grad vektleggje publiseringspoeng.</p> <p>Tilsetjingsutval skal vere representative, ha representantar frå begge kjønn og, så langt det lèt seg gjere, frå underrepresenterte grupper. Studentar skal vere representerte i tilsetjingsutvala ved institusjonane. Studentane skal også få tilbod om å vere representerte i intervjurundane, både lokalt og sentralt ved institusjonen.</p>				

## Løn og status

For å sikra mangfald i samfunnet og rekruttering til yrker der det er store homogene miljø, må ein sjå på konkrete tiltak for å motverke dette.

Vi har ein kjønnsdelt arbeidsmarknad kor lønnsgapet er vedvarande. Det er essensielt for likestillingsarbeidet i arbeidsmarknaden at arbeid som krev kompetanse på same nivå skal lønast likt. Staten må bruke lønnspolitikken for å heve statusen til yrke der ein får dårleg uttelling for utdanninga si.

Sjølv om norske kvinner har nesten like høg arbeidslivdeltaking som menn, jobbar kvinner i langt større grad deltid og styrast av tradisjonelle kjønnsroller i yrkesvala. NSO meiner det er eit mål å heve statusen til dei typiske kvinnedominerte yrka for å auke rekrutteringsgrunnlaget.

Verdsettingsdiskriminering er når arbeid som hovudsakleg utførast av kvinner systematisk verdsettast lågare enn arbeid som utførast av menn. Dette meiner NSO at staten og arbeidsmarknaden aktivt må motarbeide for å sikre likeverd av arbeidsoppgåver.

## Endring

### Eventuell ny tekst

#### ARBEIDSLIVET ETTER HØGARE UTDANNING

For å dekke samfunnet sine behov for arbeidskraft er det viktig med eit heilskapleg syn på mangfald i høgare utdanning.

For å gjere ei karriere i akademia tryggare og meir føreseieleg meiner NSO at bruken av mellombelse tilsetjingar må reduserast og bruken av faste tilsetjingar aukast. Det er viktig med mangfald blant dei vitskapleg tilsette på institusjonane. NSO meiner breidde i tilsetjingar skal sikre dette.

Tilsetjingsprosessar må vere opne og ryddige. Kva som vert lagt vekt på i tilsetjings- og opprykksprosessar er ikkje likegyldig i eit mangfaldsperspektiv. NSO meiner tilsetjingar ved høgskular og universitet skal leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse og utviklingspotensiale, og i mindre grad leggje vekt på publiseringspoeng.

For å sikre mangfald i samfunnet og rekruttering til yrke der det er store homogene miljø, må ein sjå på konkrete tiltak for å motverke dette. Det er essensielt at arbeid som krev kompetanse på same nivå skal lønast likt. Staten må bruke lønspolitikken for å heve statusen til yrke der ein får dårleg uttelling for utdanninga si.

### Grunngjeving

Endrar kapittelet for å skape tydelegare intern samanheng og fjerne noko tekst sentralstyret meiner er unødvendig. Dei nye avsnitta er tydelege på kva NSO vil, nemleg breiare mangfald i tilsettingar, meir vekt på pedagogisk kompetanse og at utdanning skal gi uttelling i form av lønn.

### Redaksjonskomiteen si innstilling

### Vedteke / Avvist

<i>Forslag nr.</i> <b>42</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 204-	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> Arbeidslivet etter høgere utdanning				
<i>Endring</i> Endre frå etter til i				
<i>Eventuell ny tekst</i> Arbeidslivet i høgare utdanning				
<i>Grunngjeving</i> Lyder betre enn "etter", sidan me ikkje omtalar arbeidslivspolitikkk generelt i alle yrke.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>Dissens</b> <b>4</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 221-223	<i>Forslagsstillar</i> Emil Henningmsoen	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i> NSO meiner tilsetjinga ved høgskular og universitet skal leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse og utviklingspotensial, og mindre grad vektleggje publiseringspoeng				
<i>Endring</i> Fjerne begrepet utviklingspotensial				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO meiner tilsettingar ved høgskular og universitet skal leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse, og i mindre grad vektleggje publiseringspoeng				
<i>Grunngjeving</i> Mindretalet meiner at viss ein skal leggje vekt på utviklingspotensiale, så verkar det som at de som er veldig gode, som ikke har mykje potensiale til å utvikle seg ikkje skal prioriterast.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke / Avvist</i>				

<i>Forslag nr.</i> <b>Dissens</b> <b>5</b>	<i>Redaksjonelt</i> Nei	<i>Linjenummer</i> 227-	<i>Forslagsstillar</i> Sunniva Braaten, Kai Steffen Østensen, Håkon Randgaard Mikalsen, Alexander Gjørseter, Marte Øien.	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Tillegg</i> Legge til punkt om mangfald og mangfaldskompetanse i leining i akademia				
<i>Eventuell ny tekst</i> NSO meiner utdanningsinstitusjonane skal etterstrebe mangfald i leiinga ved institusjonen, samt leggje vekt på mangfaldskompetanse som ein viktig kvalifikasjon i rekruttering av leiarar i akademia.				
<i>Grunngjeving</i> Eit mindretall av Sentralstyret ønskjer at NSO skal ha politikk også på likestilling i				

leiinga av akademina. Tal viser at ein kjønnsbalanse av vitenskaplege tilsette ikkje nødvendigvis resulterer i kjønnsbalanse av institusjonsleiinga, og syns difor at det er viktig at NSO meiner noko om dette. Vidare er mangfaldskompetanse viktig for å ivareta mangfaldet i institusjonen for øvrig.

*Redaksjonskomiteen si innstilling*

*Vedteke / Avvist*

## REDAKSJONELT & FULLMAKT

<i>Forslag nr.</i> <b>43</b>	<i>Redaksjonelt</i> Ja	<i>Linjenummer</i> 00	<i>Forslagsstillar</i> Sentralstyret	<i>Rolle</i> SST
<i>Opphavleg tekst</i>				
<i>Endring</i> Arbeidsutvalet får redaksjonell fullmakt til å flytte avsnitt i plattformar der det er nødvendig eller hensiktsmessig. Arbeidsutvalet får redaksjonell fullmakt til å rette skrivefeil i etterkant av landsmøtet.				
<i>Eventuell ny tekst</i>				
<i>Grunngjeving</i> Det kan kome framlegg som passar godt inn midt i anna tekst som blir vedteke av landsmøtet. Til slutt bør arbeidsutvalet rette eventuelle skrivefeil i plattformar som er vedteke av landsmøtet.				
<i>Redaksjonskomiteen si innstilling</i>				
<i>Vedteke/Avvist</i>				

## **VEDLEGG 3: SLIK BLIR SENTRALSTYRET SITT FORSLAG SOM NY PLATTFORM**

### **MANGFALDS- INKLUDERINGS- OG LIKESTILLINGSPOLITISK PLATTFORM**

#### **INNLEIING**

Denne plattformen er Norsk studentorganisasjon (NSO) sin politikk om likestilling, inkludering og mangfold før, under og etter ein tar høgare utdanning. NSO ønsker ei inkluderande rekruttering til høgare utdanning, eit breitt mangfold av studentar og vil i denne plattformen meine noko om korleis ein handsamar utfordringane knytt til mangfold i academia. Dette skal gjerast for å dekke samfunnet sine behov, auke læringsutbyttet og sikre brei rekruttering og inkludering av alle grupper i samfunnet i høgare utdanning. NSO meiner at for å sikre dette må ein i nokre tilfelle prioritere nokre grupper framfor andre.

NSO krev at alle skal ha lik tilgang, og like moglegheiter til å fullføre høgare utdanning, og med mål om at alle skal få brukt kompetansen sin etter fullført utdanning.

NSO definerer lik tilgang til høgare utdanning som at alle som er fagleg kvalifisert til det skal ha tilgang til norsk høgare utdanning

Mangfold er variert og samansett. Å sikre eit mangfold tyder å skape rom for at alle kan delta og oppleve å vere inkludert, også dei som på ein eller anna måte ikkje er, eller oppleve å vere, ein del av fleirtalet eller dominerande normer og forventningar.

Høgare utdanning er eit middel for aktiv demokratisk deltaking, og befolkninga med høgare utdanning burde difor spegle befolkninga som heilskap. NSO meiner at både læringsmiljø og arbeidsmiljø vert betre av at heile mangfoldet i samfunnet er tilsvarande representert ved utdanningsinstitusjonane.

#### **REKRUTTERING TIL HØGARE UTDANNING**

Ein legg grunnlaget for mangfold i høgare utdanning gjennom rekruttering. NSO meiner eit viktig grep for eit likestilt academia er god og korrekt informasjon til potensielle studentar. Rekruttering til høgare utdanning startar allereie frå barnehage og grunnskule, og fortset opp til vidaregåande skule, og etter avslutta skulegang. Unge og elevlar skal tidleg få erfaring med ulike typar aktivitetar og informasjon om framtidige utdannings- og karriereretningar for å kunne gjere eit opplyst val gjennom heile utdanningsløpet.

#### **Rådgeving og informasjon**

NSO meiner at god rådgeving før studiane er ein av nøklane til å motarbeide sosioøkonomiske og kulturelle forskjellar i tilgangen til høgare utdanning. Det skal satsast på rådgeving gjennom større løyvingar og kompetansekrav. Rådgjevarar både i grunnskulen, vidaregåande skule og i NAV-systemet har ei viktig rolle i å informere potensielle studentar om moglegheitene deira. Rådgjevarane må ha god kompetanse på ulike studium, kva som er opptakskrava, kva krav som stillast til studenten, samt tilretteleggings- og karrieremulegheiter. Rådgjevarane skal ha kompetanse på rådgevingsmetodar, slik at dei kan hjelpe elevane til ei avgjerd om vidare

utdanning og karriere. Både rådgjevarane og lærarar i grunn- og vidaregåande skule skal ha kompetanse om korleis utdanningssystemet fungerer, og kva vegar studentane kan velje.

Utvekslings- og kurssamarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og skular må oppretthaldast og utvidast. Disse samarbeida bør ha eit særskild fokus på å sikre at alle utdanningsløpa har ein mangfaldig studentmasse.

Informasjon om dei ulike utdanningsvala elevane kan gjere skal gjerast tilgjengeleg på dei største minoritetsspråka, for blinde og svaksynte, og alt videomateriale skal tekstast, slik at det blir enklare å nytte for foreldre, elevar og skule.

Det skal bli gitt informasjon om høgare utdanning som ein del av vaksenopplæringa.

### **Forventningsavklaring**

Det er studiestadane sitt ansvar å formidle kva som krevjast i studiet, og kva kompetanse studentane får etter avslutta studium. Det må stillast krav til at marknadsføringa er tydeleg og gir eit realistisk bilete av innhald og dei forventningane som stillast. Utdanningsinstitusjonane må sikra at studentane har kjennskap til studie- og fagmiljø gjennom gode og universelt utforma nettstader, moglegheit for samtale med rådgjevar ved institusjonen og tilrettelagt studiekvardag, og gjennom å tilby institusjonsvitjingar.

### **Verktøy for mangfald**

NSO meiner at dei viktigaste verktøya for mangfald i høgare utdanning og samfunnslivet er å skape rollemodellar for fleire grupper innan alle utdanningsområde. Vidare må institusjonane ha lokale trivselstiltak som sikrar at studentane som kjem inn ikkje fell frå. NSO meiner at kvoteordningar og tilleggsponng kan takast i bruk for å sikre eit breitt mangfald i høgare utdanning. Kvant tilfelle skal utgreiast særskild, og ein skal hyppig evaluere kvar einskild ordning. Dette arbeidet skal vere ein del av tilsynsordninga til NOKUT.

### **Kjønnsbalanse**

NSO meiner det er eit mål at alle studium har tilnærma kjønnsbalanse i studentmassen.

Årsakene til at det på enkelte studium ikkje er balanse mellom kjønna er komplekse, og kan variere over tid og mellom ulike institusjonar, så vel som internt mellom ulike miljø på éin institusjon. NSO meiner at desse ulike føresetnadane krev ulike tiltak, og institusjonane skal nytte tiltak tilpassa problemstillinga. Alle tiltak for å betra kjønnsbalansen skal gjerast i organ der studentar er medverkande.

Institusjonar som heilt eller delvis finansierast av staten skal rapportere om sitt arbeid med kjønnsbalanse, kva utgreiingar som er gjort og kva tiltak som nyttast i den årlege rapporteringa til Kunnskapsdepartementet. Der utgreiingane viser årsaker til kjønnsbalanse som ligg utanfor institusjonane, har departementet ansvar for utarbeide tiltak og følge dei opp.

For å oppnå målet om tilnærma kjønnsbalanse meiner NSO alle studium skal vere gjenstand for årleg evaluering av kjønnsbalansen. Kvant studium skal etter ei slik evaluering sortere inn under éin av tre kategoriar:

1. **Balanse:** Eit kjønn utgjer ikkje meir enn 60 % av den opptekne studentmassen på studiet.
2. **Moderat ubalanse:** Moderat ubalanse: Eit kjønn utgjer ikkje meir enn 75 % av den opptekne studentmassen på studiet.

3. **Kritisk ubalanse:** Eit kjønn utgjer meir enn 75 % av den opptekne studentmassen på studiet.

Dersom eit studie er innanfor kategorien «balanse» er ikkje institusjonen pålagt å gjennomføre tiltak med omsyn til kjønn på det aktuelle studiet.

Sorterer eit studium under kategorien «moderat ubalanse» eller lågare, skal moglege årsakar til ubalansen utgreiast i samarbeid med studentane, og institusjonen skal følgje opp med tiltak for å rette opp i kjønnskeivskaper, basert på disse utgreiingane. Ligg eit studium på «moderat ubalanse» eller lågare i tre år, og havnar minst eitt år under «kritisk ubalanse», skal institusjonen lage ein tiltaksplan for å rekruttere breiare. Tiltaksplanen kan inkludere målretta rekrutteringskampanjar, kjønnspoeng og andre kvoteringstiltak, samt moglegheit for tilpassa studieløp og andre liknande tiltak. Dersom programmet kjem over kritisk ubalanse, og dette varer i over tre år, skal avvikling av tiltaka opp til vurdering.

## **I HØGARE UTDANNING**

For å sikra at studentar trivst og får fullt utbytte av høgare utdanning, og for å hindra fråfall, er det viktig at det blir arbeid systematisk med likestillingstiltak knytt opp mot høgare utdanning.

### **Inkluderande læringsmiljø**

Det er institusjonane sitt ansvar å sikra eit godt og inkluderande lærings- og arbeidsmiljø. Dette oppnår ein gjennom gode fysiske fasilitetar, tilrettelagt informasjon, inkluderande mottaks- og mentorordningar, og gjennom tilskot til studiemiljø og studentkultur. NSO meiner at alle studentar har krav på tilrettelegging ut frå eigen føresetnad. Samstundes er det også viktig at institusjonane er bevisst på kva studentane ikkje skal vere nøydd å aktivt be om. Det skal vere sjølvsaugt at bygg er universelt utforma og at ein ikkje opplever diskriminering frå tilsette, medstudentar, eller andre personar ein kjem i kontakt gjennom utdanninga. Dette krev at institusjonane driv eit aktivt, oppdatert og kunnskapsbasert mangfaldsarbeid. Me skil altså mellom det ein student må be om sjølv og det ein kan forvente at institusjonen uansett tek høgde for.

Institusjonen har ansvar for at studenten enkelt kan finne informasjon om korleis ein ber om tilrettelegging om ein har behov for det. Varige behov skal det ikkje vere naudsynt å dokumentere meir enn ein gong. Det skal vere eit godt samarbeid mellom institusjonen, kommunane, NAV og andre relevante aktørar. Studentar skal ha krav om same tilrettelegging sjølv om dei studerer i ei anna kommune, eller eit anna land enn der dei er folkeregistrert. Studentane skal ikkje oppleve det som ei belastning å gi beskjed om sine behov. Institusjonen skal kunne leggje til rette for fleire ulike behov.

Alle institusjonar skal ha eit avvikssystem for trakassering, diskriminering, mobbing og uønskt seksuell merksemd som alle studentar og tilsette kan nytte seg av for å varsle om kritikkverdige saker. Oppfølging av innrapporterte avvik skal behandlas av ein nøytral tredjepart (ombodsperson), og avviksmeldingane skal vere unnateke offentlegheita

Alle institusjonar skal ha ein handlingsplan med tiltak for å forebygge trakassering, diskriminering, mobbing eller uønskt seksuell merksemd. Vidare skal dei fordele oppgåver og ansvar i ivaretakinga av personer utsette for dette, og i oppfølginga av desse sakane.

Alle tilsette skal ha god kjennskap til mangfald og inkludering og handsame alle studentar med respekt uavhengig av bakgrunnen, identiteten, funksjonsevna og helsa deira. Dette inneber også

kunnskap om kva for normar, språk og anna oppførsel som kan opplevast ekskluderande eller framandgjering, samt kunnskap om kva grep og tiltak ein kan gjere for å leggje til rette med og kome studenten i møte.

Høgare utdanning skal leggje til rette for ein brei samfunnsmessig debatt. Dette inneber også å akseptere at menneskje kan ha synspunkt som kan opplevast kontroversielle og støytande for enkeltpersonar eller for grupper. Så lenge ein følger dei lovar og reglar som eksisterer skal det vere rom for alle typar ytringar ved høgare utdanningsinstitusjonar. Nettopp fordi academia skal vere ein plass kor meiningar og tankar brytast, med mål om auka innsikt og kunnskap, er det særleg viktig at ein har eit breitt mangfald slik at ulike erfaringar og perspektiv kan møtast.

### **Studentdriven velferd og sosiale tiltak**

Studentdriven aktivitet ved institusjonane skal vere inkluderande for alle og ta høgde for at studentmassen er mangfaldig. Dette inkluderer også studentsamskipnaden sine tilbod. Dette inneber både korleis tilbodet er utforma og kva tilbod som finst. Studentsamskipnaden og det øvste studentdemokratiet har eit særleg ansvar for dette..

### **ARBEIDSLIVET I HØGARE UTDANNING**

For å dekke samfunnet sine behov for arbeidskraft er det viktig med eit heilskapleg syn på mangfald i høgare utdanning.

For å gjere ei karriere i academia tryggare og meir føreseieleg meiner NSO at bruken av mellombelse tilsetjingar må reduserast og bruken av faste tilsetjingar aukast. Det er viktig med mangfald blant dei vitenskapleg tilsette på institusjonane. NSO meiner breidde i tilsetjingar skal sikre dette.

Tilsetjingsprosessar må vere opne og ryddige. Kva som vert lagt vekt på i tilsetjings- og opprykksprosessar er ikkje likegyldig i eit mangfaldsperspektiv. NSO meiner tilsetjingar ved høgskular og universitet skal leggje mest vekt på fagleg og pedagogisk kompetanse og utviklingspotensiale, og i mindre grad leggje vekt på publiseringspoeng.

For å sikre mangfald i samfunnet og rekruttering til yrke der det er store homogene miljø, må ein sjå på konkrete tiltak for å motverke dette. Det er essensielt at arbeid som krev kompetanse på same nivå skal lønast likt. Staten må bruke lønspolitikken for å heve statusen til yrke der ein får dårleg utteljing for utdanninga si.